

Bjerkreim og Gjesdal Landbrukstenester SA



Vår beredskap – din trygghet



Vi hjelper deg med det du treng

Det er ein fordel å vere medlem!

Bjerkreim og Gjesdal Landbrukstenester SA er eit samvirkeføretak med til saman 260 medlemmar i kommunane Bjerkreim og Gjesdal. Vi har to kontor i Vikeså og Ålgård.

Laget har som hovudoppgåve å skaffe avløyssar til bonden ved sjukdom, fødsel, permisjon, ferie eller anna fråvær. Vi stiller også med vikar dersom det trengst ekstra arbeidskraft i travle periodar. Vi tilbyr hjelp til digitale oppgåver og papirarbeid, til dømes søknadar til Nav og søknadar om tilskot til sjukeavløysning. I tillegg står vi ansvarleg for lønn, HR og HMS for avløyssarar. Bonden har sjølv ansvar for opplæring av avløyssar på garden sin, men vi arrangerer avløyssarkurs og andre kurs i løpet av året.

Vi tek vare på bonden!

Den viktigaste oppgåva vår er å vere beredskap når bonden treng det. Dette skaper tryggleik for bonden og for garden. Vi veit at bondevelferd er vel så viktig som dyrevelferd. Det er godt å kunne ta ferie og slappe av når ein er trygg på at garden vert passa på av kompetente folk.

Vi hjelper deg med:

- kvalifisert arbeidskraft ved behov
- beredskap ved sjukdom og anna fråvær
- lønn, HR og HMS for avløyssarar
- elektronisk personaladministrasjon i Webtemp
- papirarbeid og søknadar
- spørsmål om regelverk, søknadsfristar o.l.
- kurs og opplæring
- andre ting du måtte trenge hjelp til

Vi hjelper til med det du treng, så langt vi kan!

poda®
gjerder og grinder

Poda Gjerder Dalane v/ Rolf Gravdal
Utstilling: Røyslandsvegen 280, 4387 Bjerkreim

Tlf. 9719 6045 • dalane@poda.no • www.poda.no



Våre verdier:

Samhald

Engasjement

Tillit

Tilgjengeleg



Landbruket treng arbeidskraft

Stort behov for nye avløysarar

I Bjerkreim og Gjesdal er det gardsdrift primært med kyr og sau, men også gris, geit, kylling- og eggproduksjon. I landbruksnæringa er det størst behov for tilsette på deltid, i sesong, helger og feriar. Som avløysar må du kunne ta på deg korte oppdrag når bonden har behov, i samband med fritid, sjukdom, fødsel m.m.

I Bjerkreim og Gjesdal blir behovet for arbeidskraft dekket av ca. 400 deltidstilsette og seks fulltidstilsette avløysarar. Vi har fire ambulerande landbruksvikarar. Vi treng alltid fleire engasjerte folk til å jobbe i denne unike og viktige næringa!

Avløysaryrket

Avløysaren tek over det daglege arbeidet på garden når bonden er fråverande. Vanlege oppgåver er stell av husdyr, overvaking og vedlikehald av utstyr og anlegg, arbeid på åker og i skog, betening av landbruksmaskiner, innhausting, våronn og haustonn.

Som avløysar får du jobbe variert både inne og ute i all slags vêr. Du må vere sjølvstendig, fysisk sterk og oppdatert på stell av dyr og maskiner. HMS må alltid vere i fokus. Du må ha omsorg og tolmod med både dyr og menneske, og det er viktig at du samarbeider godt med bonden. I dette yrket er ingen dagar like.

Opplæring og kurs

Bjerkreim og Gjesdal Landbrukstenester arrangerer avløysarkurs årleg, og andre kurs ved behov eller ønske. Mellom anna har vi kurs i motorsag, hogst og skogbruk. Det er bonden som har hovudansvaret for opplæringa på garden. Ingen gardar har lik drift, og du får tett oppfølging og praktisk opplæring på den enkelte garden.

Fordelar med å vere avløysar:

- du får ein variert arbeidskvardag
- du får ulike utfordringar på ulike arbeidsplassar
- du jobbar under ordna arbeidsforhold, for seriøse arbeidsgivarar
- du får nyttig jobberfaring som er bra å ha på cv-en



VB

Lima Rør

Butikk: Opstadveien 2, 4331 Ålgård | Telefon: 51 61 83 63 | E-post: klima@limaror.no

Bjerkreim og Gjesdal Landbrukstenester SA

Vikeså: 2. etg. i Maler'n-bygget, Nesjane 3, 4389 Vikeså
Ålgård: Tveit Regnskap, Krabugata 15, 4330 Ålgård

Opningstider:

Ålgård: mandag og torsdag kl. 08.30–15.00
Vikeså: tysdag, onsdag og fredag kl. 08.30–15.00

Dagleg leiar:

Samuel Lima Madland
Telefon: 94 08 75 01
E-post: bjerkreim.gjesdal@n-lt.no

www.bjerkreim-gjesdal-lt.no



coop
Vikeså

COOP VIKESÅ LANDBRUK

– din lokale forhandler

av kraftfôr og driftsmidler til landbruket.
Gjødsel, spon, mineraler, ensileringsmidler
og utstyr.

Besøk oss på Vikeså for en hyggelig prat.

Følg oss gjerne på:



CoopVikesaLandbruk